



LERØY VEST AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Skipavika 54  
5397 BEKKJARVIK

Tom N Pedersen, 5557 2119

## Endring av utsleppsløyva i Radfjorden for Lerøy Vest AS etter høge målingar av koparforureining

---

**Fylkesmannen endrar utsleppsløyva på Lerøy Vest AS sine lokalitetar i Radfjorden; 13209 Bognøy, 11649 Stolane, 11690 Grasholmen og 11687 Ramsvik.**

**Løyve er oppdaterte etter dagens vilkår og det er sett krav om at det ikkje kan nyttast koparhaldig impregnering på oppdrettsnøtene i vassførekomsten Radfjorden.**

---

### Bakgrunn

Fylkesmannen sendte ut *Varsel om tiltak etter måling av kopar i Radfjorden* den 05.09.2018 etter at det vart gjort målingar av kopar i resipienten som var tett opp mot uakseptable nivå iht. grenseverdiar satt i vassforskrifta. Lerøy Vest AS svarte med brev den 19.09.2018. Dei informerte om at dei har bytta ut nøtene på alle matfiskanlegg i Radfjorden til nøter utan koparhaldig impregnering.

### Koparmålingane i Radfjorden

Bakgrunn for varselet om tiltak var funna av høgt koparinhald i sediment på prøvepunkt som var representative for heile vassførekomsten. Oppsamling av kopar under merdane har vore kjend ei stund, men dei målingane vi har hatt til rådvelde har synt avgrensa spreiing til resipienten.

Det er gjort mange målingar av kopar i sediment like ved anlegga, både gjennom pålegg i utsleppsløyva og i C-granskingane. Målingane syner høge konsentrasjonar av kopar like ved merdane. Det er avgrensa med kunnskap om korleis kopar spreier seg til heile vassførekomstar.

Lerøy Vest AS fekk pålegg om kontrollmåling av koparmålingane som vart gjort i samband med Blue Planet overvakinga og C-granskingane på lokalitetane i Radfjorden. Dei nye målingane gjort i 2018 er synt i tabell 1. Alle målestasjonane synte auke i koparinhald i høve til målingar gjort i 2014 og 2016.



**Tabell 1:** Koparmålingar i Radfjorden i 2018. Koparkonsentrasjonen er i mg Cu/kg sediment. Tabellen er henta frå NIVA notat datert 24. august 2018.

St.	Lat	Lon	Cu (juli 2018)	Tilst.klassif. Cu (juli 2018)	Cu (tidligere undersøk- else)	Tilst.klassif. Cu (tidligere undersøkelse)
Skj 1	60-36.191	05-07.013	83,1	II-III God/Moderat	75*	II-III God/Moderat
Ra 3	60-34.946	05-10.625	70	II-III God/Moderat	67,4**	II-III God/Moderat
Gr 3	60-35.385	05-10.057	70	II-III God/Moderat	40,7**	II-III God/Moderat

\*Blue Planet undersøkelse 2016

\*\*C-undersøkelse 2014

Det er ingen andre kjende kjelder til større utslepp av kopar til Radfjorden i dag. På landsbasis er havbruksnæringa ansvarleg for det meste av utsleppa av kopar til sjø. Vi ser og at det er ein klar gradient frå merdkant og utover i resipienten, jf. tabell 2. Bakgrunnsverdiar for kopar i sediment varierer, avhengig av topografi, berggrunn og tidlegare utslepp. Bakgrunnsverdiar for kopar kjem frå førehandsgranskingar av oppdrettslokalitetar. Dei (22 målingar) syner ei bakgrunnsverdi for kopar i sediment på 15 (+/- 7) mg Cu/kg sediment.

Koparmengd i sediment i Radfjorden er synt i tabell 2. Tabellen syner stor skilnad i koparkonsentrasjon nær oppdrettsanlegga i høve til resten av fjorden.

**Tabell 2:** Koparkonsentrasjonen i sediment (mg Cu/kg) langs ein gradient frå merdkant og utover resipienten Tal i parantes syner tal målingar. Data er henta frå MOM granskingar og kopargranskingar utført av Lerøy Vest AS.

Merkant / C1	C <sub>3</sub> – C <sub>5</sub>	C2	Referanse*
425 (16)	100 (2)	70 (2)	69 (4)

\*: Inkluderer målingar gjort av Havforskningsinstituttet 2018.

## Vurdering

Kopar i sediment i sjø blir verande. Koparoksyda er svært lite løyselege i vatn og blir verande i sedimentet. I Radfjorden er koparnivået i sedimentet midtfjords i snitt 69 mg Cu/kg sediment, med høgaste måling på 83,1 mg Cu/kg sediment. Vassforskifta set krav om minst god økologisk tilstand. Grenseverdien er 84 mg Cu/ kg sediment. Snitt for 4 målepunkt midtfjords i Radfjorden er no 69 mg Cu/kg sediment. Koparnivået under og tett opp til anlegga er svært mykje høgare. Truleg er snittverdien for heile vassførekomsten høgare enn 84 mg Cu/kg sediment.

Vassforskrifta set krav om tiltak. Ut frå den kunnskapen vi har i dag har vi vurdert det som ikkje mogleg å redusere koparinnhaldet i sedimentet i fjorden. Men det er naudsynt å stanse dei største utsleppa til fjorden og det er mogleg ved å gjere endring i utsleppsløyva.



## **Heimel for endring av løyvet**

Heimel for endring av utsleppsløyvet er forureiningslova § 18 første ledd. Forureiningsmyndigheita kan gjere endringar i løyvet når det syner seg at skaden eller ulempa ved forureininga blir vesentleg større eller annleis enn venta då løyvet vart gitt.

Fylkesmannen kan og gjere endringar i løyve som er eldre enn ti år, jf. forureiningslova § 18 tredje ledd. Alle løyva er oppdaterte med gjeldande vilkår for utsleppsløyve frå matfiskanlegg.

## **Varsel om saksbehandlingsgebyr**

Fylkesmannen tar gebyr for arbeidet med løyver. For handsaming av fire utsleppsløyve har vi stipulert samla tidsbruk til å plassere arbeidet med saka i gebrysats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 65 500 kroner i gebyr.

## **Konklusjon**

Fylkesmannen gjer vedtak om endring utsleppsløyva på Lerøy Vest AS sine lokalitetar i Radfjorden; 13209 Bognøy, 11649 Stolane, 11690 Grasholmen og 11687 Ramsvik.

Alle vilkår i løyva er endra med dagens kravstilling. Løyve er også endra til at det ikkje kan nyttast koparhaldig impregnering på oppdrettsnøtene i vassførekomsten Radfjorden.

Vedlagt følgjer utsleppsløyva for dei fire lokalitetane i Radfjorden. Endringane er gjort i medhald av forureiningslova § 18 første ledd.

## **Klagerett**

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmøding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerdan kan ikkje klagast på.

De kan også kommentere varselet om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Send kommentarar til Fylkesmannen i Vestland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakhandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Sissel Storebø  
fung. miljødirektør

Tom N Pedersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Vedlegg: Utsleppsløyve lokaliteten Bognøy  
Utsleppsløyve lokaliteten Stolane  
Utsleppsløyve lokaliteten Grasholmen  
Utsleppsløyve lokaliteten Ramsvik